



Nyskaping og Utviklingsarbeid

Høgskulen for grøn utvikling

60 stp

Justert februar 2012, vår 2014, september 2015, juni 2017, desember 2020

Studieplan Nyskaping

Studiet er ei årseining på 60 stp. Eininga kan takast alleine, men faget utgjer også tredje og avsluttande år i HLB sin bachelorgrad i bygdeutvikling.

Mål

Gjennom nyskappingsstudiet skal studenten få teoretisk, metodisk, praktisk og strategisk kunnskap om det å kunna (ny)skapa og positivt endra eigne omgivnader (sosiale, kulturelle, økonomiske).

Nyskaping handlar om aktiv deltaking. Det handlar om å få auga på det nye rundt seg, men også om korleis det som alt eksisterer kan brukast på nye måtar. Faget handlar om innleving og engasjement, og om det å skriva seg sjølv, si bedrift og/eller sin eigen stad aktivt inn i samtid og framtid.

Utviklingskompetanse er evne og vilje til å delta, til å skapa, til å søkja nye handlingsrom, til å endra. Denne kunnskapen utgjer kjernen i faget nyskaping.

I faget **Nyskaping** utforskar me dei skapande kreftene i mennesket. Faget handlar om:

- Mennesket som skapande vesen
- Kreativitet
- Ressursidentifikasjon og ressursutvikling
- Natur- og kulturbasert næringsutvikling
- Aktivisme; endringsproduksjon
- Entreprenørskap
- Samskaping og nettverksskaping
- Lokalt/regionalt særpreg - og korleis utnytta dette
- Korleis bruka lokale ressursar på nye måtar
- Det å nyskapa på naturen sine premissar

Med ei dels filosofisk tilnærming til «det skapande mennesket» har faget allmenn relevans. Faget har særleg relevans for alle som arbeider med utvikling, både i næring, kultur- og organisasjonsliv og i offentleg sektor nasjonalt og internasjonalt.

Studiet vil vera med å gje

- Auka innsikt og forståing i fagområda nyskaping, aktivisme og lokalsamfunnsutvikling.
- Personleg utvikling; handlekraft, vågemot, bevisstgjerjing av eigne evner og rommet for å skapa, nysgjerrigheit og å sjå nye samanhengar.
- Kunnskap om og erfaring med å gjennomføra ei forskings/prosjektoppgåve bygd på tema i faget.

Studiet vil gje grunnlag for

- Starta eiga verksemd
- Fornya eksisterande verksemder
- Produkt-, prosess- og metodeutvikling
- Lokalsamfunnsutvikling
- Klia- natur- og miljøarbeid
- Utviklings-, undervisnings- og rettleiingsarbeid i offentlege og private institusjonar

- Nye framtidige næringar og yrke
- Studiet kan inngå som del av bachelorgraden ved HGUt

Nivå

Studiet er samlingsbasert. Modul I har 6 samlingar over tre dagar. Modul II har 1 samling over tre dagar, samt individuell rettleiing. Modul III har 1 samling over ein dag, og i tillegg tett individuell rettleiing/oppfølging i samband med prosjekt/bacheloroppgåve. Studiet kan takast på deltid med 30 studiepoeng i året (Modul I og Modul II/III), eller som heiltidsstudium. Studenttal pr. klasse bør ikkje gå over 25.

Lærarar og sensorar er valde ut frå dei fagområda dei skal dekkja. Den faglege bakgrunnen kan grovt delast opp i følgjande område: Kreativitet, nyskaping, lokalsamfunnsutvikling, entreprenørskap og produktutvikling basert på bygderessursar, økologi. Lærarkreftene held høgt fagleg nivå også i internasjonale samanheng og all undervisning er forskningsbasert. Studiet har utgangspunkt i eit aktivt fagmiljø ved HGUt.

Studieansvarleg er rektor ved HGUt, Dag Jørund Lønning. Lønning er professor i nyskaping og bygdeutvikling, har ein dr. philos – grad i nyskaping i norske bygdemiljø, og har lang fartstid innanfor utviklings- og nyskapingforsking.

Organisering og innhald

Studieplanen er delt inn i tre *fagområde på* til saman 60 studiepoeng.

Desse fagområda er:

- **Nyskaping, endring og utvikling – 30 studiepoeng (modul I)**
- **Prosjektskildring – 10 studiepoeng (modul II)**
- **Prosjektarbeid/Utviklingsoppgåve – 20 studiepoeng (modul III)**

Nyskaping, endring og utvikling

Målet er å bevisstgjera, utvikla haldningar, ferdigheter og kunnskapar til studentane innan nyskaping (ressursidentifikasjon og ressursutvikling, kunnskap om nyskaping som prosess, handlingsrom og fridom), endringsproduksjon (å kunna påverka og nyttiggjera seg trendar og endringsprosessar), lokalsamfunnsutvikling (stadutvikling, omdømmebygging, deltaking/mobilisering), aktivisme og kreativitet.

Prosjektskildring

Studenten skal få grunnleggjande kunnskap om det å utvikla og skriva ei prosjektskildring, både akademisk og retta mot offentleg verkemiddelapparat. Skildringa skal innehalda kunnskapsstatus, problemstillingar, operasjonalisering og grunnjevne metodeval, i tillegg til tydelege målsetjingar. Prosjektskildringa skal peika fram mot eit prosjekt som brukar kunnskap aktivt til å endra/skapa.

Prosjektoppgåve / Bacheloroppgåve

Målet er at den enkelte studenten skal utvikla evne til å fordjuping og sjølvstendig arbeid med ei omfattande prosjektoppgåve. Emneområda skal vera dekkja i studiet og studenten føreslår tema til ei oppgåve i samråd med kursansvarlege. Prosjektarbeidet kan gjennomførast individuelt eller i lag med andre. Studenten får god rettleiing undervegs.

Ved starten av prosjektarbeidet blir det gjeve innføring i:

Ulike fasar i eit prosjektarbeid
Forskinsarbeid
Skrijving av prosjektoppgåve

Undervisning og arbeidsformer

Undervisninga vert gjeven i form av førelesingar, drøftingar, oppgåveløysing, øvingar og modell/strategibyggning. Oppgåvene kan den enkelte studenten løysa sjølv eller i grupper. Førelesingane kan følgjast frå campus eller som online direktesending. Det blir laga podcast av mange forelesingar. Desse er tilgjengelege for studentane innanfor ein viss periode.

Det skal gjennomførast praksissamling som del av Modul I.

Vurderingsform

Vurdering i faget skjer som mappeevaluering i modul I og prosjektskildring i modul II. Modul III er utviklingsoppgåva. Munnleg eksamen er nytta som justerande.

Karaktertype

Bokstavkarakterar.

Pensum

Pensumlister vert oppdaterte kvar haust før studiestart.

Vidareutvikling - vurdering

Studiet vil verta vurdert undervegs og ved avslutning. Sjå tabell nedanfor.

Vurdering undervegs

Avsluttande vurdering

Vurdering av student	<i>Vurdering undervegs</i> Skriftleg og munnleg vurdering av arbeidet med arbeidskrav i dei enkelte hovudemna	<i>Eksamen</i> Prosjektrapportar og munnlege prestasjonar
Vurdering av studiet	Studiediskusjon undervegs Vurdering av dei ulike hovudemna Tilbakemelding frå samarbeidspartnarar som lærarar og studentar har kontakt med	Sensorrappport Sluttevaluering frå studentane etter avsluttande eksamen Sluttevaluering frå lærarane Vurdering av studiet etter eitt år